



Prosjektmandat

Prosjektnr (økonomi)	Namn Utgreiling: mogleg lokalisering av eit regionalt kulturhus med badeanlegg i Knarvik	Saknr (websak)
Prosjektfase		
Organisering		
Oppdragsgjever: Lindås kommune, Levekårsutvalet		
Politisk styringsgruppe: Levekårsutvalet		
Adm. styringsgruppe: Rådmannsgruppa Prosjektansvarleg: Assisterande rådmann Hogne Haugsdal		
Prosjektgruppe: Kultursjef Øyvind Stang (prosjektleiar), rådgjevar plan Trude Langedal, prosjektleiar stab samfunnsutvikling Arne Eikefet og innleidd konsulent.		
Referansegruppe: Leiar i kulturrådet, leiar i idrettsrådet og Hordaland Fylkeskommune		
Deltakarane i referansegruppa kan bli invitert som samla gruppe, mindre grupper eller som enkeltpersonar.		

Bakgrunn og forankring

Forankring i gjeldende planar og avtaler:

Kommuneplan: « planleggja og byggja kulturhus i Knarvik»

Kulturplan: « planleggja og realisere eit kulturhus sentralt plassert i Knarvik, i nær dialog med lag og organisasjonar.»

Idrettsplan: « Forstudie kulturhus med badeanlegg, kr. 200 000, 2017»

Økonomiplan 2017–2020: «Forstudie kulturhus med badeanlegg, kr. 200 000, 2017»

Intensjonsavtale: «Den nye kommunen vil arbeida for å realisera eit felles regionalt kulturhus»

Fylkeskommunen: Budsjett 2016 «Planmidlar kulturhus Nordhordland 0.1»

I økonomiplanen 2016 - 2019 vart rådmannen bedt av kommunestyret om «å gjennomføre ein behovskartlegging av bygging av eit regionalt kulturhus». Det vart

utarbeidd ein rapport/kunnskapsgrunnlag, ilag med Telemarksforskning som vart presentert for formannskapet. I 2017 var det gjennomført eit forstudie/moglegheitsstudie knytt til det å realisere eit kulturhus. Formannskapet var oppdragsgjevar. Studiet peika på at det var behov for identifisere moglege tomtar for eit kulturhus i Knarvik. Dette for at kommunestyret i framtidige Alver kommune, kan ha eit godt beslutningsgrunnlag for vegen vidare når det gjeld eit regionalt kulturhus.

Resultatmål:

- 1) Lage eit beslutningsgrunnlag som set politisk leiing i stand til å vurdere kvar vi kan plassere eit regionalt kulturhus med badeanlegg, i Knarvik.
- 2) Utgreiinga skal peike på fleire aktuelle tomtar, og vurdere / prioritere dei etter følgjande kriteria frå moglegheitsstudie:
 - Ein attraktiv møteplass i gangsona midt i sentrum både no og for framtida. Knytt til torg og uteområde som har, eller kan få god kvalitet.
 - Bygget skal vere eit verkemiddel for realisering av Knarvik-planen og i samsvar med fylkeskommunes plan for attraktive regionsenter.
 - Markert og synleg plassering og tomt med plass til bygg på grunnflate på minimum 3000 m2.
 - Kollektivtrafikk, gangaksar, parkering i området innan rimeleg gangavstand.
 - Tilgang for lastebilar med sceneutstyr, bokbuss m.m. må vere god.
 - Mogleg samarbeid og sambruk om realisering av bygg og parkering.
- 3) Moglege samarbeidsavtalar med grunneigarar og andre aktuelle aktørar skal utgriast.

Effektmål:

1. På sikt bidra til at regionen får «eit markant samlingshus som styrkjer identiteten og skapar liv i regionen» (Sitat henta frå rapport frå Telemarksforskning)
2. På sikt bidra til at alle innbyggjarar, både ung å gamal kan symje og vere i aktivitet i eit basseng og slik betre folkehelsa i kommunen.

Rammer

<i>Økonomi/finansiering</i>	<i>Beløp i kr</i>
Inntekter:	
Tilskot frå fylkeskommunen	200 000
Utgiftar:	
Ramme for honorar rådgjevar/konsulent	200 000

Avgrensingar

Innanfor den definerte tidsramma skal prosjektet levere ei utgreiing til formannskapet.

Risiko (viktigaste element identifisert ved oppstått)

Det er vanskeleg å estimere omfanget på arbeidet rådgjevar/konsulent skal gjere. Det kan vere nødvendig å justere kostnadsramma og tidsramma for å få ferdigstilt prosjektet. Ved oppstart vil det bli utarbeidet ein detaljert framdriftsplan. Det kan da bli foreslått justeringar av tidsramma.

Framdrift

Veke 21: Prosjektmandat vert godkjend

Veke 24: Tildeling og avtale med rådgjevar

Veke 33: Oppstartsmøte: Gjennomgang av aktuelle plandokument og tidlegare utgreiingar.

Planlegging detaljert framdrift. Disposisjon for rapport.

Veke 33-49: Prosjektperiode med dialog med sentrale aktørar

brukargrupper og aktuelle samarbeidspartar for realisering. Mogleg studietur.

Veke 50: Versjon 1 av utgreiinga ferdig til gjennomgang i prosjektgruppa

Januar -19: Ferdig utgreiing vert overlevert.

Januar - 19: Utgreiinga vert presentert for formannskapet

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
1	06.05.2018	Dokument etablert	Øyvind Stang